



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 11.05.2017
Vår ref.: 2014/12301-19
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Att. Ingo Bewer

Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Hyttefelt Tuftaheio - Ølve - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 04.04.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for hyttefelt Tuftaheio, Ølve, gnr. 16 brn.1 - Kvinnherad kommune. Hovudføremålet med reguleringa er fritidsbustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til fritidsbustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 13.12.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

Føremålet med planen er å fortette eksisterande hyttefelt med tre nye tomter for fritidsbustad. I gjeldande reguleringsplan frå 2015 vart det lagt opp til etablering av sju tomter. Det er no er ynskje om å fortette med tre nye tomter slik at det totalt vert 10 fritidsbustader innafør planområdet.

Landskap

Ved oppstart av reguleringsplanen minna vi om at planområdet ligg innafør to regionale landskapsområde med middels verdi. I aust ligg planområdet innafør Kvitebergsvatnet og mot vest innafør landskapsområdet Husavågen- Ølvesvika. Vi bad om at det vert teke omsyn til terrengforming og dei fjern -og nærverknadane vidare fortetting av hyttefeltet vil ha for landskapet. Slik planen ligg føre er det teke omsyn til landskap og terreng. Det hadde vore positivt dersom byggjegrensa for tomt 10 vart redusert i vest slik at byggjegrensa i større grad føl det naturlege terrenget. Det er positivt at det er gjeve føresegnar som sikrar bevaring av vegetasjon, dette er med på å sikre viktige kvalitetar i hyttefeltet.

Barn og unge

Vi er positiv til at det vert lagt tilrette for leikeareal i hyttefeltet. Vi ber om at opparbeiding av leikeareala sikrast opparbeida gjennom føresegnene.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune viser til Statens vegvesen og kravet om at krysset mot fv 49 må opparbeidast før det vert gjeve igangsettingsløyve. I samband med dette arbeidet vil vi minne om busshaldeplassen ved dagens avkøyring, og behovet for å ivareta eit tilbod for av- og påstigning for dei kollektivreisande i samband med kryssløysinga mellom kommunal og fylkeskommunal veg.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Ein kjenner ikkje til funn av automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld landskap, barn og unge. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland